



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til konsesjonspliktvrdering av vassuttak til RAS-anlegg på Årskog Industriområde i Fitjar kommune

Fylkesmannen kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som kan bli negativt påverka av uttak av vatn. Bekken kan ha noko verdi for sjøaure.

Vi viser til søknad om vurdering av konsesjonsplikt for uttak av vatn til RAS-anlegg på Årskog Industriområde i Fitjar kommune.

Om utbyggingsplanane

Lerøy Sjøtroll Kjærelva (LSK) ønskjer å nytte avløpsvatnet frå Fitjar kraftlag sin kraftstasjon på Årskog til postsmoltanlegg ved Årskog. Avløpet frå kraftstasjonen renn i dag ut i ein kanal/bekk. Bekken går under vegen og gjennom industriområdet før utløp til sjø, og er om lag 740 meter. LSK søker om å nytte avløpsvatnet, når det er tilgjengeleg, i settefiskproduksjonen. Det er planlagt med inntakskum i bekken med røyrgate til anlegget.

Data frå søknaden:

Inntak (m.o.h.)	Middelvassføring (l/s)	Maksimalt vassutak (l/s)	Gjennomsnittleg vassutak (l/s)	Alminneleg lågvassføring (l/s)	Planlangt minstevassføring (l/s)
29	293	117	83	117	90

Våre merknadar/vurdering

Vi legg til grunn at prosjektet vert gjennomført med minstevassføring. Vi har ikkje kjennskap til viktige naturtypar eller raudlisteartar som kan bli påverka av uttak av vatn frå bekken.

Ut i frå kart og flyfoto vurderer vi at nedste del av bekken kan ha førekomst av sjøaure, men inga eiga stamme. Arealet er etter vårt syn for lite til det. Vandringshinder er i fossen der inntakskum er tenkt, om lag 190 meter frå sjøen. Det er usikkert kor stort ev. produksjonspotensiale for sjøaure er i bekken i dag. Mykje/mesteparten av vatnet i bekken ser ut til å komme frå avløpet til kraftstasjonen, og vi reknar med at vassføringa i bekken til tider kan vere særskilt låg. Om og ev. kor ofte bekken går



tørr nedstraums vandringshinderet veit vi ikkje. Då det er noko usikkert kva verdi bekken har for sjøaure, er vi usikre på kva effekt vassuttak vil kunne få for sjøaure. Minstevassføring vil ha ein avbøtande effekt.

Ein synfaring vil kunne gje betre grunnlag for å vurdere nærare om bekken har verdi for sjøaure.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN